


Frå Tilsynet for Lindås Prestegard og  
oppsitjarane langs grusvegen frå  
krysset på Lindås til Barneskulen.



Til Teknisk Etat i Lindås kommune  
5100 Isdalstø

På vegner av oppsitjarane langs nemnde veg og Tilsynet for Lindås  
Prestegard søker eg om at Lindås kommune overtar denne vegen.  
Eg viser til synfaring på vegen og påfølgjande møte om saka tysdag  
29. oktober d. å., der ingeniørane Fanavoll og Wiik deltok frå kommunen.

Vegen er etter mi meining i god stand og no nyleg har Karl Sletten og  
Gustav Kolås, etter avtale med Lindås kommune og Tilsynet for Lindås  
Prestegard, sprengt ut for og laga til siste delen av vegen, slik at det no er  
mogeleg på skapeleg måte å køyra ned på Barneskulen sin parkeringsplass  
for uthyrkingkjøretøy og brøytebil. Dette arbeidet inneber sjølv sagt også  
ei forbetring for alle som nyttar vegen som gangveg til Barneskulen.

Vegen ligg på Lindås Prestegarden sin grunn, men grunnen vert sjølv sagt  
overdregen vederlagsfritt dersom communal overtaking går i orden.

Eg vonar at Lindås kommune vil imøtekoma denne søknaden.

Lindås 19. november 1996

*Arne Eide*  
.....  
Arne Eide

*Olav Grov*  
.....  
Olav Grov

*Olav Hannisdal*  
.....  
Olav Hannisdal

*Gustav Kolås*  
.....  
Gustav Kolås

med helsing  
*Hallvard Sjurseth*  
Hallvard Sjurseth  
formann  
Tilsynet for Lindås Prestegard

*Karl S. R/R*  
.....  
Karl Sletten  
*Leif Inge Furseth*  
.....  
Leif Inge Furseth